



Vedteke i føretaksmøte
30.09.2021

Tilleggsdokument til styringsdokument 2021

Helse Stavanger HF

1	Innleing.....	2
2	Nye oppdrag for 2021	2
3	Rapportering.....	3

1 Innleiing

Helse Vest RHF viser til styringsdokument for 2021 vedteke i føretaksmøte den 18. februar 2021 og til protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. juni 2021 og tilleggskdokument til oppdragsdokument 2021 dagsett 24. juni 2021.

Som følgje av mellom anna Stortingets behandling av Prop.195 S (2020-2021), jf. Innst.600 S (2020-2021) og oppfølging av vedtak i Stortinget våren 2021 har Helse Vest RHF utarbeidd eit tilleggskdokument til styringsdokumentet for 2021.

2 Nye oppdrag for 2021

Regional kompetanse om seineffektar etter kreft hos born og vaksne

Dei regionale helseføretaka skal byggje opp regional kompetanse om seineffektar etter kreft hos born og vaksne med personell som skal bidra til å overføre kompetanse til allmennlegane om diagnostikk og behandling av seineffektar. Vidare skal spesialisthelsetenesta kunne ta imot pasientar med kompliserte seineffektar for utgreiing og behandling. Oppdraget bør sjåast i samanheng med pågåande prosess for avvikling av «Nasjonal kompetansetjeneste for seneffektar av kreftbehandling» og vidareføring av denne kompetansen gjennom ei anna organisering, som til dømes kompetansenettverk.

Helse Vest RHF vil hausten 2021 ta initiativ til eit regionalt arbeid på dette området der helseføretaka blir bedt om å delta.

Forskning og innovasjon

Helseføretaka skal sikre god informasjon til MS-pasientar om moglegheita for å delta i klinisk utprøving av stamcellebehandling i Norge, og vurdere strategiar for å auke tal pasientar som deltar i den pågåande kliniske studien med stamcellebehandling i Norge. Helse Bergen leiar denne studien.

Tverrfaglege regionale seinfølgjeklinikkar

Det er i brev til helseføretaka dagsett 1. juli 2021 orientert om krav frå Helse- og omsorgsdepartementet om etablering av regionale tilbod for pasientar med følgjetilstandar etter covid-19.

Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF skal i samsvar med nemnde brev av 1. juli 2021 etablere tverrfaglege regionale seinfølgjeklinikkar for utgreiing og diagnostisering av pasientar som får langvarige, komplekse og samansette symptom etter akuttforløpet med covid-19, der funksjonsnivået blir påverka i uttalt grad.

Involvering av tilsette i planlegging og evaluering av nye sjukehusbygg.

Ved Stortingets behandling av Dok.8:147 S (2020-2021) og Innst.205 S (2020-2021) blei det gjort følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen sikre at ansatte involveres i planlegging og evaluering av nye sykehusbygg.»

Helse Vest RHF er bedt om å rapportere i årleg melding for 2021 om rutinar og prosessar for involvering av tilsette i planlegging og evaluering av nye sjukehusbygg. Helse Vest RHF ber om at tilsvarande rapportering blir tatt inn i årleg melding for 2021 frå helseføretaket.

Praksis ved sal av eigedom

Helse Vest RHF viser til omtale og vedtak i føretaksmøte 15. juni 2021 for Helse Vest RHF om praksis ved sal av eigedom.

Tidlegare krav stilt i 2009 om vurdering av samhandlingstiltak ved avhending av eigedom blir oppheva.

3 Rapportering

Det skal rapporterast på alle tilleggskrava i årleg melding for 2021, om ikkje annan svarfrist er oppgitt.